

## «Å REIE TOM SENG (HEILSKIFT)»



Tverrfagleg samarbeid mellom norsk og programfag på Vg2 helsearbeidarfaget.

### Øving på dei grunnleggande ferdigheitene:

Elevane skal trene på å **uttrykke seg munnleg** på ein forståeleg måte, i tillegg til at dei må førebu seg ved å **lese** instruksjonen til korleis ein skal gjennomføre oppgåva.

#### **Kort presentasjon av opplegget:**

I denne oppgåva skal Vg2-elevar gi Vg1-elevar ein munnleg instruksjon i korleis ein reier ei seng. Tanken er at eleven blir svært medvitne kva dei gjer når dei har ansvar for å lære frå seg til andre. Her får dei testa ferdigheitene og kunnskapane sine i både kommunikasjon og sengereing.

### Forslag til gjennomføring:

Tidsbruk: 1 skuletime til førebuing + 2 skuletimar til instruksjon/presentasjon

- **Programfag (Helsefremjande arbeid):**

Elevane går gjennom sengereing saman med yrkeslærarane på pleierommet. Her blir dei grunnleggande prinsippa med hygiene vektlagt, i tillegg til ein grundig gjennomgang av namna på alt utstyret som vert brukt.

- **Norsk:**

Norsklærer har ein generell gjennomgang av temaet instruksjon. Mot slutten av økta les ein gjennom instruksjonen om sengereing i helseboka/ [NDLA](https://ndla.no/nb/node/72396) og viser modellvideo frå NDLA: [http://ndla.no/nb/node/72396](https://ndla.no/nb/node/72396). Elevane får presentert sjølve oppgåva, og deler seg så inn i grupper på to. Siste delen av økta bruker elevane til å planlegge korleis dei ønskjer å løyse oppgåva.

## Oppgåvetekst:

Gjennomfør «Reiing av tom seng (heilskipt)» saman med ein Vg1-elev frå HO. Oppgåva er eit pararbeid med ein annan Vg2-elev, og de skal dele på å vere hovudinstruktør. Når du ikkje er den aktive i sjølv instruksjonen, skal du stå litt til side for Vg1-eleven og hjelpe til ved behov.

### Hugseliste:

- Ta imot Vg1-eleven på ein høfleg måte.
- Forklar kort kva de skal gjere.
- Fortel eleven namnet på alt de bruker (t.d. stikklaken).
- Vis med ord og handling korleis ein reiar ei seng.
- Grunngi det du gjer.

## Sluttproduktet:

Flott seng og fornøgd Vg1-elev.

## Vurdering:

I dette tverrfaglege undervisningsopplegget arbeider ein med fleire læreplanmål i både norsk og programfaget. Vg1-eleven gir respons direkte etter instruksjonen.

Elevane får ei lærarvurdering med høg-middels-lav i begge fag. Det mest naturlege er å bruke kriteria frå hugselista som utgangspunkt for vurderinga.

### Læreplanmål:

#### Norsk:

- *bruke fagkunnskap fra eget utdanningsprogram i foredrag og diskusjoner om skole, samfunn og arbeidsliv*
- *mestre ulike muntlige roller i gruppesamtaler, foredrag, dramatiseringer, presentasjoner og framføringer som aktør og tilhører*

#### Helsefremmende arbeid:

- *gjøre rede for og demonstrere grunnleggende sykepleie*